

NOKRE REFLEKSJONAR OVER MULEGE KONTAKTPUNKT MELLOM FØR OG NO  
(og grunnar til optimisme eller resignasjon desse kan medføre).

Så eg går gjerne ikkje dei brattaste bakkane lenger  
Eg går sjeldan dei brattaste bakkane no  
Då ruslar eg heller åleine ein tur på flata  
I dei brattaste bakkane bør ein helst ta det med ro

Då eg var ung, tenkte eg at livet var hogge i stein  
Eller at eg skulle hogge det i stein  
Eller i det minste risse det i treverket  
I veggen på ei gammal kyrkje  
I det dunkle mørket der ingen ser  
Kanskje lokke det fram i akvarellar  
Der fargane flyt over i kvarandre  
Og skape nye nyansar for kvart penselstrøk  
Men etterkvart tenkjer eg at livet er teikna i sand  
Forsiktig pirka ut med ein pinne der alle spor  
Forsvinn når dei første bølgiene frå floa  
Vaskar inn i raske sveip  
Eller som oska etter eit bål  
Som vinden virvlar opp og som  
(er det bra eller dårleg?)  
Kan la gneistane etter oss  
Stige opp for så å dale ned att i tørr lyng

---

Det er muleg er sein av meg (seint moden, tidleg gammal?)  
For eksempel med å knipse i fingrane  
Eg var langt opp i tjueåra før eg lærte å knipse  
Langfingeren mot tommelen  
La trykket byggje seg opp for så  
Å løyse ut i ei rask rørsle mot tommelrota  
Eg las noko filosofi eg ikkje heilt greip  
Så forstod eg plutseleg i ein glimt  
I rein glede løfte eg høgre handa  
Og knips! Sidan har eg alltid kunna det  
Men eg har gløymt kva eg forstod, borte vekk  
Som eit bilde på mi eiga tid, mi tids arroganse  
Denne trua på at menneska før oss var umodne  
Uvitande og ikkje som glørne i eit bål  
Som vinden virvlar opp  
Og lar gneistane dei tende  
Stige opp for så å dale ned att i tørr lyng

---